

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 023, TI - &13	18/290

Saknr	Utval	Type	Dato
041/2018	Formannskapet	PS	24.04.2018
024/2018	Kommunestyret	PS	03.05.2018

Høyringsuttale frå Masfjorden kommune til rapport frå ekspertutvalet som har vurdert nye oppgåver til fylkeskommunane

Vedlegg:

Journalposttittel
ekspertutvalget-

Dato
18.04.2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak, og tek sikte på å utarbeidde uttale frå Masfjorden kommune i samband med formannskapsmøte 24.april.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunal- og moderniserings-departementet sette ned eit ekspertutval våren 2017, med mandat å vurdere overføring av fleire oppgåver og ansvar frå staten til dei nye fylkeskommunane som vert danna etter regionreforma. Generalistkommuneprinsippet er lagt til grunn for arbeidet.

Utvalet har vurdert oppgåver og ansvar etter fem retningslinjer:

Oppgåver bør leggest så nær innbyggjarane som råd er, men på eit så høgt nivå som er nødvendig for å sikre kostnadseffektiv oppgåveløysing

Det myndigheitsorgan som har ansvar og beslutningskompetanse for ei oppgåve, skal også ha fagmiljøet knytt til oppgåva, og ansvaret for å finansiere utgiftene til oppgåveløysinga

Oppgåver som krev politisk skjønn og vurdering, bør leggest til folkevalde organ

Oppgåver som krev stor grad av samordning, og/eller oppgåver som har store kontaktflater med kvarandre, bør leggest til same forvaltningsorgan

Oppgåver som av ulike årsaker ikkje skal verte påverka av lokalpolitiske forhold, bør vere eit statleg ansvar. Staten bør ha ansvaret for oppgåver som forutset eit nasjonalt heilskapsgrep for god oppgåveløysing

Utvalet foreslår å bygge vidare på oppgåver og roller som fylkeskommunane alt har som tenesteytar, samfunnsutviklar, planmynde og som bindeledd i forvaltninga, og meiner det er særleg tre store politikkkfelt der fylkeskommunane bør ha oppgåver og handlingsrom til å bygge opp ein sterk og tydeleg regional politikk:

- arealbruk, naturverdiar, miljø/klima og samferdsel
- verkemidlar for næringsutvikling og kompetanse,
- verkemidlar og tenesteoppgåver som er viktige for helse, trivsel og levekår.

Samandrag/presentasjon av hovudtrekka i utvalet sin rapport ligg vedlagt. Heile rapporten ligg på KMD sine nettsider: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/regionreformen-desentralisering-av-oppgaver-fra-staten-til-fylkeskommunene/id2588648/>

Regionreformen: Desentralisering av oppgaver fra staten til fylkeskommunene

Rapport fra ekspertutvalg

Rapport | Dato: 05.02.2018

Et ekspertutvalg har hatt som mandat å vurdere overføring av ytterligere ansvar, og oppgaver til fylkeskommunene. Generalistkommuneprinsippet ligger til grunn for arbeidet og at oppgavefordelingen bør ivareta hensynet til brukerne, lokalt selvstyre, samt nasjonale mål.

Utvalget foreslår overføring av oppgaver og virkemidler fra en rekke statlige etater. Oppgavene utvider og kompletterer fagområder der fylkeskommunene allerede i dag har et ansvar. Dette omfatter oppgaver innen næring, innovasjon og forskning, kompetanse, integrering, kultur, folkehelse, samferdsel, klima og miljø. Utvalget mener dette vil legge til rette for en styrket samfunnsutvikling i alle deler av landet.

Ekspertutvalget ble nedsatt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet sommeren 2017 etter anmodning fra Stortinget i forbindelse med behandlingen av regjeringens forslag til regionreform. Rapporten ble

Utvalgets arbeid har vært ledet av professor Terje P. Hagen, Universitetet i Oslo.

[Regionreformen: Desentralisering av oppgaver fra staten til fylkeskommunene \(pdf\)](#)

Pressemelding 1. februar 2018:
[Ekspertutvalg foreslår nye oppgaver](#)

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

TEMA

Kommuner og regioner

Regional- og distriktpolitikk

RELATERT

- › [Rapport om nye oppgaver til fylkeskommunene sendes på høring med 3 måneders frist](#)
- › [Høring av rapport fra ekspertutvalget som har vurdert nye oppgaver til fylkeskommunene](#)
- › [Ekspertutvalg foreslår nye oppgaver](#)
- › [Ekspertutvalg for oppgaver til de nye fylkeskommunene](#)

Høring

Høring av rapport fra ekspertutvalget som har vurdert nye oppgaver til fylkeskommunene

Da Stortinget behandlet stortingsmeldingen om regionreform (Meld. St. 22 (2015–2016)) ba Stortinget regjeringen sette ned et ekspertutvalg som skal foreslå ytterligere oppgaver til fylkeskommunene. Regjeringen satte ned ekspertutvalget i juni 2017, etter at Stortinget hadde vedtatt en fylkesinndeling med 11 fylkeskommuner inkludert Oslo.

Utvalgets mandat var å vurdere oppgaver hos staten som kan overføres til fylkeskommunalt nivå. Forslagene skal kunne styrke fylkeskommunenes samfunnsutviklerolle, gi en mer brukervennlig forvaltning, en bedre offentlig ressursbruk, og bedre tjenester for innbyggere og næringsliv. Utvalget leverte sin rapport 1. februar 2018.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet ønsker at berørte og interessenter skal få anledning til å vurdere helheten i utvalgets forslag, før regjeringen tar stilling til forslagene. Kommunal- og moderniseringsdepartementet sender derfor rapporten fra ekspertutvalget på høring.

Høringsfrist er mandag 9. mai 2018.

Etter at regjeringen har mottatt høringsinnspillene, vil departementene vurdere forslagene i rapporten. Ev. forslag som krever lov- eller forskriftsendringer vil bli sendt på høring på ordinær måte, slik at høringsinstansene får anledning til å uttale seg om regjeringens forslag. Forslag til lovendringer fremmes deretter for Stortinget. Ev. forslag fra regjeringen som krever budsjettendringer, vil bli fremmet for Stortinget i forbindelse med den ordinære budsjettprosessen.

Uttale

Formannskapet utarbeidar forslag til uttale i samband med formannskapsmøte 24.april.

Fakta/vurdering

Utvalet sine forslag betyr at fylkeskommunen får forvaltningsansvar for mange område som i dag ligg til departement, direktorat og fylkesmann, inkludert tilskots- og prosjektstøtteordningar. Forslaga inneber nedlegging av fem statlege institusjonar: IMDi, Kompetanse Norge, Statped, Distriktssenteret og Siva, i tillegg til nedlegging av Bufetat.

Utvalet sine konkrete forslag innan område *Næringsutvikling og kompetanse* inneber at fylkeskommunane får oppgåver og ansvar frå fleire statlege organ: Innovasjon Norge, Siva, Forskningsrådet, Regionalt næringsprogram frå fylkesmannen, bedriftsutvikling i landbruket (IBU-midlar), Distriktssenteret, karriererettleiing og andre oppgåver frå Kompetanse Norge, rettleiing og tilskotsordningar frå IMDi

Innan område *Samferdsel* er det få nye oppgåver. Det gjeld kjøp av nokre fly- og togruter, statleg TT-tilskotsordning, og det viktigaste: ansvar for forvaltning av tilskot til utbygging av breiband som i dag ligg til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet –Nkom.

Innan område *Klima, miljø og naturressurser* er det føreslått at fylkeskommunen overtek dei fleste oppgåvene frå fylkesmannen, med unntak av forureining og oppgåver knytt til kontroll, tilsyn og klage. Mynde til å fatte vedtak om konsesjon i mindre vass- og vindkraftutbyggingar er føreslått overført frå NVE.

Innan område *Kultur og kulturminnevern* er det føreslått overføring av ansvar og oppgåver innan ei rekkje tilskots- og støtteordningar som i dag ligg hjå Norsk Kulturråd, kulturdepartementet og Riksantikvaren.

Det er også forslag om at fylkeskommunen får totalansvaret for drift av museum og institusjonar innan kultur, inkludert bygningar og anlegg, med unntak av nokre nasjonal-institusjonar som alle ligg i Oslo.

Innan område *Helse og levekår* inneber forslaget at fylkeskommunen får alle folkehelseoppgavene som i dag ligg til fylkesmannen, med unntak av tilsyn. Tilskotsordningar vert overført frå Helsedirektoratet og fylkesmannen.

Alle Statped-oppgåver for PPT og rettleiings og støttetjenester til kommunane vert føreslått overført til fylkeskommunen. Resten av Statped-oppgåvene vert overtekne av Utdanningsdirektoratet.

Ansvar for familievern, barnevernsinstitusjonar, fosterheimar og adopsjon som i dag ligg til Bufetat, vert føreslått overført. Bufdir skal halde fram som fagdirektorat for barnevernet.

Det vert lagt vekt på å styrke *regional planlegging*, og utvalet kjem med fleire framlegg om styrking av fylkeskommunen si rolle på dette området. Mellom anna at fylkeskommunen kan overta kommuneplanoppgåver dersom aktuell kommune ber om det, eller staten pålegg det. Vidare føreslår dei at fylkeskommunen overtek fylkesmannen sitt ansvar for planjuridisk rettleiing til kommunane.

Utvalet har også skissert andre oppgåver som det bør arbeidast vidare med, mellom anna utgreiing av om fylkeskommunane kan overta ansvar for sjukehusa.

Finansiering av dei nye oppgåvene bør i hovudsak skje via rammetilskot og skatteinntekter, men utvalet opnar for at det i ein overgangsperiode vert nytta særskilde tilskotsordningar.

Konklusjon

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak, og kor ein tek sikte på å utarbeidd uttale frå kommunen under formannskapsmøte 24.april.

Formannskapet - 041/2018

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Formannskapet ber kommunestyrerepresentantane om å kome med innspel til denne høyinga i kommunestyret 03.05.18

Saka vert difor lagt fram for kommunestyret utan innstilling frå formannskapet.

FS - vedtak:

Saka vert lagt fram for kommunestyret utan innstilling frå formannskapet

Kommunestyret - 024/2018

KS - behandling:

Saka vart drøfta.

John Torsvik (H) sette fram følgjande framlegg til uttale:

Masfjorden kommune ser fram til at fleire statlege forvaltningsoppgaver vert lagt nærare brukarane, dvs. innbyggjarane i kommunane. Samtidig har det jevnleg vore nedlegging av statlege forvaltningsoppgaver i distrikta og lenger avstand til brukarane. Det same skjer med fylkeskommunale tenester.

For oppgaver som til no har vore samordna i nasjonale føringar er det viktig å skilje mellom dei oppgaver som politisk bør ivaretakast av nasjonale føringar og dei som politisk kan vektast regionalt og lokalt. Det betyr at også kommunane kan få politisk høve til å overta oppgaver dersom fylkeskommunen ikkje klarer å oppretthalde nærleiken til nye og gamle oppgaver. Dette gjeld t.d. tenester innan folkehelsesektoren, tannhelse, vidaregåande skular, landbrukstenester og kollektivtenester. Det same gjeld statlege midlar knytt til desse oppgavene. Ved å desentralisere statlege oppgaver til Fylkeskommunen må også nasjonale myndigheter og Fylkesmannen føre tilsyn med om den fylkeskommunale styringa faktisk opprettheld nærleik til brukarane i kommunane. Regionale planar utarbeida av fylkeskommunane har vist seg å vere for generaliserande og ikkje tilpassa ulik demografi i fylkeskommunane. Målsetjingar i bynære områder er nødvendigvis ikkje foreinleg med målsetjingar i distrikta. Målsetjingar og kommunale planar må vektast sterkare i høve regionale planar utforma av fylkeskommunen. Motsegnregimet må difor vere overordna og leggest til Fylkesmannen og ikkje til Fylkeskommunen og vektast tilsvarande i høve fylkeskommunale og kommunale målsetjingar.

Framdrifta i omlegginga av tenesteoppgaver til fylkeskommunane bør skje etappevis. Dei tenester som skal ivareta utsatte grupper innafor Bufetetaten og Spesialped. bør difor skje etter at fylkeskommunane har fått på plass den øvrege omstruktureringa.

Basert på framlegget frå H og diskusjonen i kommunestyret frå rådmannens samrøystes fullmakt til å sende inn høyringsvaret.

KS - vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å sende inn høyringsvar.